

litt om serien

FOR GUD


Bibelen teiknar eit samansett, dynamisk og dels komplekst bilet av Gud. Som menneske har vi ein tendens til å gjere Gud meir eindimensjonal enn han er. Men å leve som etterfølgjarar av Jesus, er å sjå Han meir og meir slik Han er, lære å kjenne Han og Hans vilje stadig djupare. Denne serien ønskjer å løfte fram nokre karaktertrekk med Gud som kanskje kan kvalifisere og hjelpe oss i våre gudsatilete, slik at vi kan følgje han med større frimod og glede enn før. Kva vil konsekvensane av eit slikt gudsatilete vere, heilt konkret i liva våre? For kristne ønskjer å leve «for Gud». Ein heilag, kjærleg, rettferdig, nådig og levande Gud.

litt om tema:

RETTFERDIG

Ein ganske vanleg frase i alle småbarnsheimar er: «Det er urettferdig». For hukommelsen er sjølvsgått selektivt innstilt på å hugse alle gongane ein kom ufordelaktig ut av ein situasjon, medan søskena fekk det mykje enklare. Urettferd er når det er eit misforhold mellom slik det er og slik det burde vore. Og du skal ikkje sjå lenger enn til eige liv før ein oppdagar at: joda – det er plenty av urettferd. Men vår Gud er ein rettferdig Gud og vil alltid adressere misforholdet mellom slik det er, og slik Han etter sin gode skaparvilje, vil at det skal vere. Det er samstundes godt og dårlig nytt for oss. Dårlig fordi vi er alle saman er urettferdige og gjer urett. Godt nytt fordi Gud sjølv, den rettferdige, tek på seg vår urett og gjennom trua gjev oss si rettferd. Gud set ting i rett stand att, fører menneske inn i ein rettferdig relasjon til seg og medmenneske. Å leve for Gud er å både ta ansvar for og omvende seg frå den uretten og urettferda ein skapar sjølv, men også å kjenne at urettferda i verda er noko som angår oss. Guds rettferd har alltid til hensikt å skape fred, og du og eg er agentar for den freden gjennom livet vi lev.

Livet med Han som er... RETTFERDIG



Bibel

Jes 11, 1-10
Spørsmål til teksten:

1. Isai var far til kong David. Kva kan det bety når denne rettferdige kongen skal vere både ein kvist oppe frå stubben av denne slekta, og samtidig eit skot frå røtene? (v 1)
2. Og kva skal vi meine om profeten i v 10, der det står at folkesлага skal søkje til denne kongen, «Isais rotskot»? Har det skjedd?
3. Kva med visjonen i v 6-9? Har det skjedd?



Fellesskap

Den ærlege samtalen:

1. Har du opplevd at livet er urettferdig? Kva gjer du med det?
2. Reagerer du ulikt på første og siste del av vers 4? Kvifor eller kvifor ikkje, trur du?
3. Veit du om nokon, frå bøker/film eller i verkelegheita, som viser gjennom livsførselen sin at Gud er rettferdig? På kva måtar kan det visast igjen i liva våre?



Rausheit

Takksam deling

Kva gjer de eller kan de gjere, konkret, som gjer verda nokre hakk meir rettferdig. Fortel kvarandre om ting de støttar økonomisk eller praktisk, og kvifor det er rett og viktig!

FOR
GUD



Bøn

Takk, bøn og forbøn

1. Takk Gud for at han er ein Gud som ser alt som skjer med oss, og som ikkje toler urett.
2. Be om hjelp til å tilgje, og om å legge dommen i Guds hender.
3. Be for kvarandre, og for dei tinga som gjer det vanskeleg å kjenne at Gud er rettferdig